

# VEDTEKTER

Luster Arbeidarparti



2011  
Luster Arbeidarparti



# Innhald

|                                       |   |
|---------------------------------------|---|
| 1 FØREMÅL.....                        | 2 |
| 2 ORGANISASJONSOPPBYGGING.....        | 2 |
| 3 ÅRSMØTE.....                        | 3 |
| 4 MEDLEMSMØTE.....                    | 3 |
| 5 STYRET.....                         | 4 |
| 6 NOMINASJON TIL KOMMUNESTYREVAL..... | 4 |
| 7 KOMMUNESTYREGRUPPA.....             | 5 |
| 8 VEDTEKTER OG OPPLØYSING.....        | 6 |
| 9 LOKALLAG.....                       | 6 |

## 1 FØREMÅL

- 1.1 Luster Arbeidarparti arbeider etter dei retningslinjene som DnA har trekt opp i program, vedtekter og vedtak.
- 1.2 Det skal i samarbeid med partiet sine sentrale organ og fylkesorgan leie og samordne den politiske verksemda og organisasjons- og agitasjonsarbeidet i kommunen. Kommunepartiet har eit overordna ansvar for arbeidet i partiavdelingane i eigen kommune. Samarbeid med kvinnenettverket og AUF er ein viktig del av dette arbeidet.

## 2 ORGANISASJONSOPPBYGGING

- 2.1 Luster Arbeidarparti er ei samanslutning av partiavdelingane i kommunen.
- 2.2 Alle partiavdelingane i ein kommune pliktar å stå tilmeldt kommunepartiet, og kommunepartiet skal stå tilmeldt fylkespartiet.
- 2.3 Luster Arbeidarparti er eit demokratisk parti med stort mangfald og ein inkluderande organisasjon. Luster Arbeidarparti skal ha eit fellesskap for medlemmane i Luster Ap basert på demokratiske prinsipp der partiet sitt omdømme er viktig. Kommunepartiet vil arbeide for å auke den politiske aktiviteten og auka forståinga for politiske prosessar.

Luster Arbeidarparti femnar om eit stort geografisk område der den desentraliserte organisasjonen med lokallag er viktig.

Lokallaga har ein viktig rolle i blant anna valkamp, informasjon, medlemsverving,

medlemspengar og innspel om politiske saker.

- 2.4 Ved alle val, nominasjonar og oppnemningar skal begge kjønn vere representert med 50 %. I styrer og utval der representant-talet ikkje er deleleg med to, er 50 prosentregelen å forstå som at kvart kjønn skal vere representert så nær opp til 50 % som praktisk mogleg.

### **3 ÅRSMØTE**

- 3.1 Årsmøtet er kommunepartiet sitt høgste organ i partiet. Møtet skal gjerast kjend med minst fire vekers varsel. Årsmøte handsamar årsmelding frå styret, avdelingane, kommunestyregruppa m.m. Årsmøtet handsamar også rekneskap og budsjett, innkomne forslag og val i samsvar med kommunepartiet sine vedtekter.
- 3.2 Årsmøtet er samansett av medlemmer i partiet. Alle medlemmene har tale-, forslag- og stemmerett. Styret deltek med tale- og forslagsrett under handsaming av årsmelding og rekneskap. AUF sine medlemmer deltek på lik linje som ordinære medlemmer.
- 3.3 Forslag som partiavdelingane vil ha handsama på årsmøte, må sendast styret i kommunepartiet seinast to veker før årsmøtet.
- 3.4 Ekstraordinært årsmøte vert halde når medlemsmøte gjer vedtak om det, eller minst 2/5 av medlemane krev det. Ekstraordinært årsmøte skal kunngjerast seinast 4 veker før møtet finn stad og skal kun handsamma saker som står på saklista ved innkallinga.
- 3.5 Ved konstituering av årsmøtet vel 2 dirigentar og 2 sekretærar.
- 3.6 Alle vedtektsendingar er lovlege når det er fatta vedtak med eit fleirtal av dei avgjevne stemmene på årsmøte.

### **4 MEDLEMSMØTE**

- 4.1 Medlemsmøtet er kommunepartiet sitt høgste organ mellom årsmøta.
- 4.2 Møtet avgjer alle saker som ikkje er tillagt partistyret eller kommunestyregruppa.
- 4.3 Alle medlemmer som har stått tilmeldt med minst ein månads medlemsskap har stemmerett. AUF sine medlemmer i kommunen har same rettar som ordinære partimedlemmar.
- 4.4 Medlemmer av partiets kommunestyregruppe skal delta på medlemsmøtet. Når medlemsmøtet handsamar kommunale saker, skal kommunestyregruppa fremje innstilling i den enkelte sak.

- 4.5 Medlemsmøte skal haldast når styret bestemmer, når kommunestyregruppa bed om det eller når minst 3/5 av medlemmane bed om det.

## **5 STYRET**

- 5.1 Luster Arbeidarparti er leia av eit styre på 9 medlemmer, blant desse er leiar, nestleiar, kasserar, studieleiar, sekretær og kvinnekontakt. 1 av styremedlemmane skal veljast av og blandt AUF medlemmane når slikt lag er aktivt. Elles deltek ein representant frå kommunestyregruppa og leiaren eller nestleiaren i lokallaga med tale- og forslagsrett, men ikkje stemmerett.
- 5.2 Arbeidsutvalet skal vera samansett slik:  
Leiar sekretær og kasserar. Arbeidsutvalet skal vere eit saksførebuande organ for styret, men kan ta hasteavgjersler om dette er nødvendig.
- 5.3 Utover dette kan det ikkje gjerast endringar i den faste representasjonen til styret. Styret/arbeidsutvalet kan gjera vedtak om at representantar frå organisasjonar innan arbeidarrørsla kan tiltre styret med talerett. Elles kan styret kalle inn dei som er nødvendige for å ta del i styremøtet.
- 5.4 Styre handsamar mellom anna saker som førebuing av årsmøte, medlemsmøte og saker av nasjonal og fylkeskommunal karakter som ikkje er sak for kommunestyregruppa.  
Styret har ansvar for at vedtekter og god organisasjonskultur blir følgt av medlemmane, partiavdelingane og kommunepartiet. Styret handsamar også forslag til landsmøte og fylkesårsmøte.  
Styret legg vekt på å ha eit godt samarbeid med kommunestyrestyregruppa og halde dei orientert i viktige saker.

## **6 NOMINASJON TIL KOMMUNESTYREVAL**

- 6.1 Fylkespartiet styre set opp tidsfristar for nominasjonsprosessen framfor kommunestyreval.
- 6.2 Medlemsmøtet vel ei nominasjonsnemnd på minst 5 medlemmer med vara, etter forslag frå partistyret.
- 6.3 Nominasjonsnemnda ber medlemmane / partiavdelingane innan ein fastsett frist å sende nominasjonsnemnda forslag på medlemmer dei ønskjer nominert.
- 6.4 Nominasjonsnemnda utarbeidar eit førebels forslag til liste, som vert gjort kjend for medlemmane, og sendt partiavdelingane til handsaming. Listeforslaget skal også innehalde forslag på ordførar og varaordførar.
- 6.5 Medlemmane / partiavdelingane skal innan ein nærare fastsett tidsfrist sende sine endringsforslag til nominasjonsnemnda

- 6.6 Nominasjonsnemnda sine listeframlegg med eventuelt dissensar er offentlege.
- 6.7 Medlemsmøtet føretek den endelige nominasjonen på eige nominasjonsmøte. Nominasjonsnemnda legg fram sitt endelige forslag til liste, der det er innarbeidd dei endringsforslaga som nemnda har slutta seg til. Før det tek til på sjølve nominasjonen avgjer nominasjonsmøtet kor mange som skal uthevast. Nominasjonsmøte nominerer fyrst ordførarkandidat og varaordførarkandidat. Ved nominasjon til kommunestyreval skal begge kjønn vere representert på dei to fyrste plassane på vallista
- 6.8 Kommunevalprogrammet må vera ferdig handsama før nominasjonen finn stad.
- 6.9 Rådgivande avstemming over kandidatar kan haldast før nominasjonsnemnda fremjar sitt første nummererte listeforslag.
- 6.10 Jmfr. Retningslinjer for DnA sine nominasjonsmøtar for kommuneparti

## **7 KOMMUNESTYREGRUPPA**

- 7.1 Styret i kommunepartiet skal umiddelbart etter kommunestyrevalet innkalla partiet sine representantar i det nye kommunestyret til fellesmøte med partistyret for å konstituere kommunestyregruppa.
- 7.2 Partistyret og gruppestyret innstiller i fellesskap overfor medlemsmøte på partiet sine kandidatar til formannskap og andre kommunale styre, utval og råd.
- 7.3 Kommunestyregruppa skal i samarbeid med partistyret arbeide etter partiet sitt program, vedtekter og vedtak. Gruppa er ansvarleg ovanfor kommunepartiet.
- 7.4 Leiar i kommunepartiet og inntil to andre styremedlemmar utpeika av partistyret tiltrer kommunestyregruppa med tale-, forslags- og stemmerett. Leiar i kommunepartiet eller anna styremedlem utpeika av styret tiltrer formannskapsgruppa med fulle rettar.
- 7.5 Gruppa held møter så ofte det trengst, og skal framføre kvart kommunestyremøte gå gjennom møtet si sakliste.
- 7.6 Det skal førast protokoll på gruppemøta. Gruppa legg fram årsmelding for årsmøte i kommunepartiet.
- 7.7 Vedtak i kommunestyregruppa eller i kommunepartiet er bindande om ikkje anna vert bestemt. Ønskjer nokon å stå fritt i forhold til slike vedtak, må kommunestyregruppa eller kommunepartiet avgjere dette.
- 7.8 Den som har personlege eller familiære interesser (økonomiske, forretningsmessige m.v.) i ein sak som vert handsama i partiet sine organ eller i kommunestyregruppa, fylkestingsgruppa m.v. er å sjå på som inhabile og kan såleis ikkje ta del i handsaminga av saka.

- 7.9 Partiets folkevalte representantar skal registrere sine styreverv og økonomiske interesser i Styrevervregisteret
- 7.10 Partiet sine representantar i kommunale styrer og utval skal danne grupper. Disse gruppene skal organiserast og arbeide etter dei reglar som er trekt opp for kommunestyregruppa i føregåande punkt.
- 7.11 Partistyret skal i samarbeid med styret for kommunestyregruppa sørge for at det blir halde fellesmøte med partiet sine representantar i kommunale styrer og utval. Dette skal fremje godt og planmessig samarbeid mellom gruppene.
- 7.12 Kommunale saker skal handsamast av medlemsmøte når styret for kommunestyregruppa ber om det, når eit fleirtal i kommunestyregruppa krev det, og når partistyret gjer vedtak om det eller når medlemsmøtet ber om det.

## **8 VEDTEKTER OG OPPLØYSING**

- 8.1 Vedtektene for kommunepartiet skal vedtakast av årsmøte. Dei skal bygge på Det norske Arbeiderparti sine vedtekter og retningslinjer og må ikkje stå i strid med dei. For å vere gyldige må vedtektene godkjennast av styret i vedkommande fylkesparti.
- 8.2 I dei spørsmål som ikkje er handsama i vedtektene, eller der det rår tvil om tydinga, gjeld DnA sine vedtekter.
- 8.3 Dersom Luster Arbeidarparti vert oppløyst, skal all eigedom overførast til Sogn og Fjordane Arbeidarparti.

## **9 Lokallag**

- 9.1 Luster Arbeidarparti sine lokallag følgjer dei sentrale retningslinjene for Arbeidarpartiets partiavdelingar jmf. Vedtekter for Det norske Arbeiderparti.